



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Gjervik ytre
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3464 - 14/22614

Saksbehandlar:

Kristin Nielsen

kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:

07.10.2014

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/342 og 343

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad. Vi ber om orsaking for at saka opphavleg ikkje blei registrert i mottaket slik ho skulle ha vore.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn ny situasjonsplan som syner 8 parkeringsplassar for dette bygget.

Det er vist og skildra 6 parkeringsplassar. I dette høve er det krav om 2 parkeringsplassar pr. bueining, dvs. totalt 8 parkeringsplassar. Vi ser at reguleringsplanen er mogleg å misforstå, jf. § 4. Dette punktet gjeld felles parkeringsanlegg som er skildra i reguleringsplankartet. For 4 bueiningar er det krav om 8 parkeringsplassar.

2. Det må synast på situasjonsplanen/skildrast meir at dei 800 m² det er krav om til uteopphaldsareal, er av ei slik kvalitet at dei ligg innanfor føringane som definisjonen MUA (minste uteopphaldsareal) inneber.

3. Det er eit føremon at ein skal kunne snu bilar på eigen grunn. Det må visast på situasjonsplanen at dette let seg gjennomføre.

4. Det må skildrast kva det er som visast på den allereie innsendte situasjonsplanen markert som eit langt, smalt grått felt som strekk seg inn i grøntområde i sørspissen på dei omsøkte eigedommane.

Dette kan eventuelt være i strid med byggegrensa, jf. Veglova § 30 som seier at det ikkje er lovleg med m.a. «opplag» innanfor byggegrense.

5. Det må skildrast korleis krav til utsyn og dagslys (dagslysfaktor) for bueiningane i nedste etasje, då særleg den sørvestlege bueininga, oppfyllest.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



6. Ut frå det som gjekk fram av førehandskonferansen, kor det m.a. var sagt at «*Knallgode prosjekt hvor kvalitet fremgår, som «positivt bidrar» til omgivelsene, vil kunne fremmes med positiv innstilling.*» Vi kan ikkje sjå at det omsøkte prosjektet gir svar på dette. Dette må synast eller skildrast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 04.11.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Gjervik ytre

5914

ISDALSTØ